

Sjur Sponheim, Lijordveien 19, 1359 Eiksmarka

NVE

15.06.15.

Konsesjonsavdelingen,

Pb. 5091 Majorstua,

0301 Oslo

Kommentarer til søknad om konsesjon for bygging av Tysso kraftverk, Ulvik herad

Frå eigarane av gnr/bnr: 69/20, Espelandsvegen 43, 5730 Ulvik

Vår eigedom har gammal røyrgate, 2 røyr, dels i dagen, dels nedgravd aust på vår eigedom. I søknaden er det planlagt ny trase vest i tomta.

Vi er positive til utbygginga. Men det er vanskeleg å koma med innspel når planane er så lite konkrete for vår eigedom. Dette gjeld først og fremst plassering av røyra men også utføringa av anlegget og dei inngrep som dette fører til.

1. Til pkt.2.7: Alternativ utbygging/plassering

I søknaden gjeld dette berre plassering av røyrgate. Alternativet med tunnel heile vegen ned til kraftstasjonen, slik det vart gjort ved utbygginga av Tysso II på 1970-tallet, er ikkje omtala eller utreda. Tunnel heile strekningen er vårt ynskje og vi vil be om at dette vert vurdert.

2. Grunnforhold for røyrkata i nedre parti.

Dette emne har fått liten plass i søknaden. Trasèen går gjennom eit område med havavsetningar med grus og stein, med fleire terrassar og skråningar med hellingsgrad som eit vanleg grustak og dermed ustabile massar.

Ved lekkasje i røyra kan dette føra til store erosjoner. I søknaden er det ikkje omtala tiltak mot dette. Dersom tiltaket er å stenge oppe ved demningen kan likevel alt vatnet i tunnelen og røyra i verste fall lekka ut, med stor skade på vår og andre sine eigedommar.

Under anleggstida vil det kunne rasa ut lausmasser utløyst av sjølve arbeidet. Viser til tidligare ras i området, ca 50-70 m vest for innteikna trasè og vår eigedom. Restar etter dette raset er godt synleg i terrenget. Det er bygd ein støttemur nede ved riksvegen.

Vi går ut frå at de vil bygge med mest moglege rette røyr. Dersom trasèen kryssar vår flate, vil dette krevja ekstra djup grøft i fremre kant av flaten og øvre del av skråningen nedanfor. Dette kan auka